



Klasse 10 B
rom 214
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2257 - 19/7614

Saksbehandlar:
Morten Olsen Schulstad
morten.olsen.schulstad@lindas.kommune.no

Dato:
05.03.2019

Om søknad om å forlate skulen sitt område i matpausen

Skulen viser til søknad, mottatt 05.03.19, der klasse 10 B søker om løyve til å forlate skulen sitt område i matpausane.

Rektor fattar med dette følgjande beslutning:

Elevane i klasse 10 B får løyve til å forlate skulen sitt område i matpausane. Løyvet er gyldig frå og med måndag 11.03.19 til og med onsdag 19.06.19. Løyvet er gitt på vilkår om at alle elevane i klassen er solidarisk ansvarlege for at alle elevane kjem seg attende til skulen i god tid før 4. time.

Om skulen finn at dette løyvet har uønskt effekt på klassemiljø og/eller læringsresultat vil løyvet bli trekt attende.

Grunngeving for beslutninga:

Det blir lagt vekt på at klassen ønskjer å øve seg på livet som elev i vidaregåande utdanning, sjølv om rektor håper det er andre aspekt ved vidare skulegong som motiverer meir enn akkurat det å kunne gå i butikkar i friminutta. Det er òg prisverdig at klassen har fokus på eit variert kosthald. Vidare merker rektor seg at klassen verker informert om dei uheldige bieffektane ved inntak av energidrykk og tek det difor for gitt at ingen elevar i klasse 10 B vil nyte slike næringsprodukt i skuletida.

Med helsing

Morten Olsen Schulstad
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Kopi til:

Anders Olav Dale
Astrid Risa
Geir Kåre Torsvik
Hans Ketil Porsmyr
Hilde Fiske Hugaas
Tone Gunn Solsvik

Mottakrar:

Klasse 10 B

rom 214

5914

ISDALSTØ